



Eik Arkitektur & Design AS
Wernersholmvegen 31
5232 PARADIS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/660 - 17/18032

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
14.09.2017

Godkjenning - GBNR 42/22 - Løyve til endra plassering av bygning - Eikeland

Administrativt vedtak. Saknr: 250/2017

Tiltakshavar: Harald Skogheim
Ansvarleg søkjar: Eik Arkitektur & Design AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til endra plassering i samband med oppføring av fritidsbustad på gbnr. 42/22.

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 11.9.2017.

VURDERING:

Nabovarsling:

Omsøkt endring har ikkje vore nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3 første ledd, men ettersom arbeidet ikkje, eller i lita grad, berører interessene til naboar, finn ikkje kommunen grunnlag for å krevje nabovarsling i dette tilfellet, jf. andre ledd.

Byggverket si høgd og plassering:

Det følger av pbl § 29-4 første ledd at byggverket si plassering, medrekna høgdeplassering, og byggverket si høgde skal godkjennast av kommunen.

På bakgrunn av vedlagtesituasjonskart og oppmålingsdata kan kommunen godkjenne endra plassering, som omsøkt.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl § 23-1.

Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner søknad om endring av løyve som omsøkt, jf. plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-4. Plassering av bygg skal vere som vist på vedlagte situasjonskart og oppmålingsdata, journalført motteke 11.9.2017.»

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

01 Situasjonskart

Vedlegg:

Skisse husplassering
Skisse innmålte høyder

Kopi til:

Harald Skogheim

Våganeset 21

5106

ØVRE ERVIK

Mottakere:

Eik Arkitektur & Design AS

Wernersholmvege 5232
n 31

PARADIS